

Saksutgreiing:

ÅRSMELDING VESTLANDSRÅDET 2018

Sakshandsamar: Dagfinn Aasen, sekretariatsleiar 2018

Behandlinger:

Vedlegg:

Årsmelding for Vestlandsrådet 2018
Vestlandsrådet PAPIR (frå papiravisene)
Vestlandsrådet WEB (frå nettavisene)
Vestlandsrådet TV/radio (frå radio/TV)

Andre henvisninger:

www.vestlandsraadet.no

Innleiing

Gjennom samarbeid i Vestlandsrådet er målet å kunne løyse saker på ein betre måte enn den enkelte fylkeskommune kunne ha klart åleine. Det er dessutan viktig i seg sjølv å ha eit forum der dei fire fylkeskommunane kan møtast og tenkje og handle på landsdelens beste. Difor er det tidlegare utvikla både vedtekter og ein politisk plattform som set fokus og strukturerer samarbeidet i rådet.

Innan 1.1.2020, da regionreformen trer i kraft, er det viktig at styringsdokumenta for vestlandsrådet blir gjennomgått og justert. Dette blir tatt opp både i årsmeldinga og i saka om «Vestlandsrådet og framtida».

Vestlandsrådet sine møter i 2018

Møta har vore gjennomført slik:

- 15. februar i Bergen
- 7.-8. juni i Molde
- 1. november på Gardermoen

I løpet av året har Vestlandsrådet drøfta og fatta vedtak i nærare 40 saker.

Arbeidsform og organisering

Leiarvervet i Vestlandsrådet går på omgang blant fylkesordførarane. I 2018 har Møre og Romsdal hatt leiarvervet.

Administrativt er fylkesrådmannen øvste ansvarlege også for saksprosessar m.v. som gjeld Vestlandsrådet. Både fylkeskommunen som har leiarskapet, og dei andre deltakande fylkeskommunane, stiller betydelege administrative ressursar til rådvelde for saksutgreiingar, prosessleiing, deltaking i arbeidsgrupper, etc.

Dette administrative apparatet, som framgår av årsmeldinga, består av fylkeskontaktar og arbeidsgrupper, og blir leia av sekretariatsleiar.

Leiarskapet i 2018:

Fylkesordfører Jon Aasen
Fylkesrådmann Ottar Brage Guttelvik
Sekretariatsleiar Dagfinn Aasen (for ordens skuld: ikkje i slekt med Jon Aasen)

Medieomtale av Vestlandsrådet

I løpet av eit år er det ofte medieomtale av Vestlandsrådet og om vedtak og prosessar som følgje av Vestlandsrådets vedtak og engasjement. Det er laga hefter der slike omtalar er samla.

I tillegg til å vera vedlagt denne sake, er desse lagt ut på Vestlandsrådet sine heimesider: www.vestlandsraadet.no

Forslag til vedtak:

Vestlandsrådet tek årsmeldinga for 2018 til orientering.

Håkon Schwalb
kst. fylkesrådmann

Arne Hope
sekretariatsleiar

Dette dokumentet er godkjent elektronisk og har derfor ingen signatur.